

# Kortreist eller langreist? Personleg eller upersonleg?

#handlelokalt



Som oftast har vi kort veg til nærbutikken vår. Der møter vi gjerne hyggelege og flinke folk som kan gje oss gode råd og personleg service. Ein del av varene i dei lokale butikkane er også kortreiste. I matbutikken din har kanskje ein bonde i distriktet eller ein annan lokal produsent fått plass til varene sine i butikkhyllene. Ofte kan vi gå eller sykle heim att, eller i det minste berre kjøre nokre få kilometer.

Slik er det ikkje dersom du handlar på nett! Det kan vere enkelt å sitje i sofaen og taste seg fram til eit par nye sko eller ei ny jakke, og få dei levert på døra eit par dagar seinare. Men har du tenkt på at den eine vesle pakka du får tilsendt, kanskje har reist halve jorda rundt med fly, for deretter

å bli kjørt til døra di? Godt innpakka i lag på lag med emballasje? Truleg er det ikkje så *veldig* miljøvennleg... i alle fall ikkje når det viser seg at skorne eller jakka ikkje passar like godt som du trudde, og du må sende varene i retur dagen etter.

Dersom du handlar lokalt, kan du sjå og ta på det du vil kjøpe. Du får hjelp i butikken din, og du bidreg til levande lokalsamfunn. Det er også vi i lokalavisene opptekne av. Gjennom denne annonsekampanjen viser vi difor kor viktig det er å bruke lokale bedrifter og butikkar. Det gjer vi i samarbeid med andre som også er opptekne av lokal handel.

#handlelokalt